

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Sunnhordland, Bekkjarvik Gjestgiveri
Dato: 06.02.2019 frå kl. 10:00-19:00: Temadag
07.02.2019 frå kl. 08:30-11:30: Møte i utvalet. Kl. 12:30-15:00 orientering om regionreform og tema bompengar

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Gustav Bahus	Medlem	FRP	Frå kl. 16:00 06.02.19 Gjekk kl. 12:30 07.02.19
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	Gjekk kl. 13:15 07.02.19
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP	Gjekk kl. 12:30 07.02.19
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Jon Askeland	Leiar	SP	Frå kl. 13:00 06.02.19
Svein Halleraker	Medlem	H	
Per Lerøy	Medlem	A	Gjekk kl. 14:15
Geir Angeltveit	Medlem	V	Frå kl. 13:15 06.02
Kari Foseid Aakre	Medlem	A	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	Forfall begge dagar
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF	Forfall begge dagar
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	Forfall begge dagar

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer	Merknader
Jarle Jacobsen	Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Møtte begge dagar
John Torgeir Torsvik	Iiril Schau Johansen	H	Møtte begge dagar Gjekk kl. 14:15 07.02.19
Øyvind Hardeland	Rasmus Laupsa Rasmussen	A	Møtte begge dagar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjon
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplanseksjon
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Sølve Dag Sondbø	Seksjonsleiar for klima- og naturressursforvaltninga
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær

Silje Lyngstad
Møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 14/19	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 15/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 16/19	Referatsaker (meldingar)		
PS 17/19	Ymse		
PS 18/19	Innkømne spørsmål frå politikarane		
RS 11/19	Svar på spørsmål frå Marte Hammer - MISA 16.01.19	2019/391	
RS 12/19	Verknaden av trafikkregulerande tiltak på Rv555 i Fjell kommune	2019/647	
RS 13/19	Utvida takstsamarbeid mellom Jernbanedirektoratet og fylkeskommunen	2016/4166	
RS 14/19	Referat møte 13/18 Fylkesvegrådet	2018/12405	
RS 15/19	Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 - resultat og vidare bruk	2018/17430	
RS 16/19	Ynskje om justering av takstsone i Kvam herad	2018/17512	
RS 17/19	Invitasjon til Jernbaneforum 2019	2019/640	
FO 4/19	Spørsmål frå Byrknes (KrF) - utfordringar med skuleskyssen ved Knarvik VGS	2018/12528	
PS 19/19	Myndigheitskontakt og partssamarbeid innan samferdsel	2018/10651	
PS 20/19	Miljøpris for Hordaland	2018/17312	X
PS 21/19	Søknad om omklassifisering av tre fylkesvegstrekingar i Øygarden kommune	2019/646	
PS 22/19	Søknad frå Askøy kommune om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe	2016/3413	

PS 14/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknad.

PS 15/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Møteboka frå 16.01.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 16/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

RS 11-17/19 vart referert.

PS 17/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Orienteringar

Onsdag 06.02.2019:

- Tur til Midtjøllet vindmøllepark med orientering v/ ordførar Wenche Tislevoll
- FV 545 Stord Vestside: fullførte og pågåande prosjekt v/ Grethe Vikane og Bernt Herland, Statens Vegvesen.
- Fitjar kommune, utfordringar på miljø- og samferdselsområdet v/ ordførar Wenche Tislevoll.
- Grøn passasjertransport på sjø – kva må til? v/ Hege Økland, NCE Maritime Clean Tech.
- Bømlopakken - ein suksesshistorie v/ Statens Vegvesen.
- Status for dei store riksvegprosjekta v/ Grethe Vikane, Statens Vegvesen.

Torsdag 07.02.2019

- Austevoll kommune, utfordringar på miljø- og samferdselsområdet v/ ordførar Morten Storebø.
- Nytt om regionreforma v/ fylkesdirektør samferdsel, Håkon Rasmussen.
- Tema om bompengar v/ Kaisa Banne, Statens Vegvesen.

PS 18/19 Inkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

FO 4/19 Spørsmål frå Byrknes (KrF) - utfordringar med skuleskyssen ved Knarvik VGS

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Fylkesrådmannen sine svar på spørsmåla

SPØRSMÅL 1: KVA ER RETNINGSLINJENE FOR SÆRSKILT SKULESKYSS- OG KORLEIS TOLKER SKYSS EVENTUELT DESSE?

Skyss av elevar i vidaregåande skule skal gjennomførast i samsvar med opplæringslova §§ 7-2, 7-3 og 7-4 med tilhørande forskrifter. Som skuleskyss reknast den daglege skyssen mellom heim og skule til skulen sine ordinære start- og sluttider. Fylkeskommunen sine avgjersler om elevane sin rett til gratis skuleskyss, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og gjeld for inntil eitt skuleår om gongen.

Elevar som bur meir enn seks kilometer frå skulen, og bur utanfor ungdomsbillettområda, har rett på gratis skyss. Elevar som har dokumentert funksjonshemming, midlertidig skade eller sjukdom, har rett til skyss uavhengig av avstanden mellom heim og skule. I hovudsak skal skuleskyss gjennomførast med kollektiv transport (som oftast buss). Ved medisinsk årsak eller i tilfelle der det er mangel på tilstrekkeleg rutetilbod, kan det settast inn tilrettelagt skuleskyss eller givast full skyssgodtgjering til eleven/føresette etter ei individuell vurdering.

Hordaland fylkeskommune v/Skyss skal sikre at skuleskyssen er rasjonell og samfunnsmessig økonomisk forsvarleg. Ved lange reiseavstandar kan dette vere utfordrande. Avstanden mellom Indre Masfjorden og Knarvik vidaregåande skule er kring 6 mil, noko som gjer at reisetida i utgangspunktet er lang. Å sette inn tilrettelagt skuleskyss på ein slik avstand kan i konkrete saker bli vurdert til å medføre så store reisekostnader at det ikkje blir vurdert som samfunnsmessig forsvarleg, dersom det finnst alternativ med buss.

SPØRSMÅL 2: KOR LANG VENTETID MÅ ELEVANE HA FØR FYLKESKOMMUNEN/SKYSS GIR SÆRSKILT SKULESKYSS?

For at Skyss skal kunne organisere ein skuleskyss som er rasjonell og økonomisk forsvarleg må elevar rekne med noko ventetid. I vurdering av transportmiddel blir gangtid, ventetid og reisetid sett i samanheng. Elevar med lang avstand mellom heim og skule må rekne med lengre samla reisetid.

Ei rettesnor for vurdering av forsvarleg ventetid blir i utgangspunktet rekna for å vere éin time venting både formiddag og ettermiddag kvar dag heile veka, jf. punkt 10.4 i fylkeskommunen sitt skuleskyssreglement for elevar i vidaregåande skule. Fleire faktorar vil spele inn i ei totalvurdering av den einskilde søknad.

Ved handsaminga av søknadar om tilrettelagt skuleskyss vurderast følgjande moment:

- kor lenge må eleven vente, og kor mange dagar i veka/året
- kor eleven må vente (på skolen, ute, i venterom)
- kostnad ved ev. tilrettelagt skyss

Lang reisetid og lang reiseavstand gir ikkje rett til tilrettelagt skuleskyss, jf. punkt 10.5 i fylkeskommunen sitt skuleskyssreglement.

SPØRSMÅL 3: KORLEIS KAN EIN SØKJE Å ENDRE BUSSRUTENE SLIK AT DET BLIR MEIR TILPASSA ELEVANE SINE BEHOV?

Grunnskulane i fylket skal melde inn elevsøknadar og start- og sluttider for kommande skuleår så tidleg som råd og seinast innan 1. mars. For dei vidaregåande skulane har Skyss jamlege samhandlingsmøte med Opplæringsavdelinga der samordning av skulane sine start- og sluttider er tema.

Bussane som utfører skuleskyssen dekkar ofte fleire skular, og spesielt i distriktet dekkar bussane også andre reisande med andre reisebehov enn skuleelevane. Det er derfor svært viktig at Skyss tidlegast mogleg har tilstrekkeleg informasjon om skulane sine start- og sluttider og kan starte arbeidet med å få denne «kabalane til å gå i hop».

For å betre samhandlinga med kommunane og skulane på grunnskulenivå er det mellom anna etablert faste kontaktpunkt og utpeikt faste kontaktpersonar hjå kommunane. For vidaregåande skular er det gjort tiltak for å betre informasjonsflyten og samhandlinga mellom Skyss og opplæringsavdelinga, mellom anna gjennom faste kontakt- og møtepunkt. Føremålet er mellom anna å oppnå betre koordinering av skulane sine skuleruter og start- og sluttider, for å kunne planlegge ein skuleskyss som både er til det beste for elevane og som er ressurseffektivt. Spesielt vil betre samordning av start- og sluttider på skulane kunne ha positiv innverknad på elevane si ventetid, i tillegg til å kunne gje innsparingar i transportutgiftene.

Det blir kvart år lagt ned eit vesentleg arbeid for å få dei om lag 20 000 elevane i fylket med rett til skyss til skulen på ein god måte, samtidig som skyssen skal gjennomførast innanfor økonomisk forsvarlege rammer. Dette inneber mellom anna at ein søker å samordne skuleskyssen med det ordinære kollektivtilbodet der dette er mogleg, for å sikre eit tilbod for flest mogleg reisande og sikre optimal utnytting av kollektivmidlane.

PS 19/19 Myndigheitskontakt og partssamarbeid innan samferdsel

Forslag til innstilling

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnarar.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, SP, A, KRF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Utval for miljø og samferdsel meiner at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i styringsgruppa. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at den demokratiske medlemsbaserte miljøørsla vert invitert inn i samarbeidet»

Marthe Hammer (SV) trekte sitt forslag.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, SP, KRF, AP, MDG og V fram slik protokollmerknad:

«Utval for miljø og samferdsel peiker på at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i arbeidet. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at miljøørsla vert invitert inn i arbeidet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnarar.

Protokollmerknad frå SV, SP, A, KRF, MDG og V

Utval for miljø og samferdsel peiker på at fylkesvegane i seg sjølv bør vurderast som eit stort samferdselsprosjekt, og må få sin plass i Ntp. Utval for miljø og samferdsel meiner at arbeidet må vera godt politisk forankra og rår til at leiar, nestleiar og ein representant frå opposisjonen i MISA vert med i arbeidet. Utval for miljø og samferdsel viser til dialogmøte oktober 2018 og rår til at miljøørsla vert invitert inn i arbeidet.

PS 20/19 Miljøpris for Hordaland

PS 21/19 Søknad om omklassifisering av tre fylkesvegstrekingar i Øygarden kommune

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet er positiv til at det vert fremma sak om omklassifisering, med sikte på overføring av eigarskapet av følgjande fylkesvegstrekingar til Øygarden kommune:

1. Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
2. Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
3. Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet er positiv til at det vert fremma sak om omklassifisering, med sikte på overføring av eigarskapet av følgjande fylkesvegstrekingar til Øygarden kommune:

1. Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
2. Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
3. Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)

PS 22/19 Søknad frå Askøy kommune om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe, delvis kan imøtekomast med kr 3 000 000.

Midlane vert dekkja av Askøypakken.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.02.2019

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av H, MDG, V, KRF, SP, A og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe, delvis kan imøtekomast med kr 3 000 000, forutsett at midlane vert dekkja over Askøypakken».

Røysting

Ryssdal sitt forslag fekk 13 røyster (H, MDG, V, KRF, SP, A og SV) mot 2 røyster (FRP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmann sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader til prosjekt Fv 216 Skansen/Kleppe, delvis kan imøtekomast med kr 3 000 000, forutsett at midlane vert dekkja over Askøypakken.